

Oppsummering og erklæring fra landmåler

Landmåler vurderer og gir ev. kommentarer til: • tillatelsen • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretning • forberedelse av oppmålingsforretning • oppmålingsforretningen • måle- og beregningsarbeid • fakturering • matrikulering • tinglysing • utsendelse av matrikkelbrev • klageadgang og frister

Karsten Torkildsen har 27.03.2014 rekviret oppmålingsforretning for å klarleggja grensene for gnr 38 bnr 12 og 19.

Oppmålingsforretning vart halde 22.05.2014. Ved forretninga møtte Else Marie og Karsten Torkildsen for 38/12 og 38/19., Olav Skår for 38/2 og Alf Breivik med fullmakt frå eigarar av 38/3.

38/12 er frådelt bnr 3 ved skyldskifte i 1947. 38/19 er frådelt bnr 2 ved skyldskifte i 1955. Ved rekonstruksjon av grensene tok ein ved oppmålingsforretninga utgangspunkt i skylddelingsmåla. I tillegg er det oppsett gjerde rundt delar av eigedomane. Kross i fjell i grensa mellom bnr 2, 3, 12 og 19 vart påvist (grensepunkt 3819-1). Det var ikkje råd å finna fleire av grensemerka som er skildra i dei to skylddelingane. Etter å ha målt langs oppsett gjerde, var det semje om å setja ned nye grensemerker i knekkpunkta. Det var også semje om å justera den sørvestre grensa til 38/12 og 19 slik at heile terassen og uthus kjem innanfor grensene til 38/12 og 19.

Grenser for 38/12 etter ny oppmåling og justering tek til i nytt grensemerke i fjell ved gjerdetolpe, grensepunkt 3812-1 og går i søraustleg retning 21,52m til nytt grensemerke i jord ved gjerdetolpe, grensepunkt 3812-2. Herifrå i sørvestleg retning 18,13m til nytt grensemerke i fjell ved hjørne av hekk, grensepunkt 3812-3. Vidare i nordvestleg retning 13,04m til nytt grensemerke i fjell ved gjerdetolpe i foten av høg mur. Herifrå vert lina justert til å gå mot sørvest 1,07m til nytt grensemerke i fjell, grensepunkt 3812-4. Vidare i nordaustleg retning 21,74m til nytt grensemerke i fjell, grensepunkt 3812-6 og vidare i same retning 0,74m til umerka grensepunkt i midt steingard, grensepunkt 3812-7. Herifrå i nordaustleg retning 0,46m til umerka grensepunkt 3812-6A som er definert som det opprinnelige nordvestre hjørne til 38/12. Herifrå vidare mot nordaust i same retning 39,45m til gamal kross i fjell, grensepunkt 3819-1. Her knekk lina mot søraust og går 18,41m tilbake til utgangspunktet.

Arealet er oppmålt til 935,7 m²., inklusiv grensejustering på 17,1 m² frå 38/3. Grensejusteringa utgjer mindre enn 2% av 38/12 og verdien av det justerte arealet er etter styrar si vurdering langt under grunnbeløpet i folketrygda som er eit av vilkåra fpor å gjennomføra grensejusteringa.

Grensene for 38/19 etter ny oppmåling og justering tek til i gamal kross i fjell, grensepunkt 3819-1 og går 25,18m i sørvestleg retning til umerka grenseunkt 3819-5. Herifrå bvert lina justert til å gå 4,73m i vidare i same retning til umerka punkt i steingarden, grensepunkt 3812-7. Vidare i nordvestleg retning 0,63m til umerka skjæringspunkt 3819-7. Her knekk lina og går i nordaustleg retning 0,45m til nytt grensemerke i fjell, grensepunkt 3819-6 og vidare i same retning 3,93m til nytt grensemerke i fjell, grensepunkt 3819-4 ved ende av gamal gjerdetolpe. grensa går så vidare i nordvestleg retning 20,97m til nytt grensemerke i fjell på utsida av gjerde, grensepunkt 3819-3. Herifrå mot nordaust 37,62m til nytt grtensemerke i stor stein på hjørne av oppsett gjerde. vidare mot søraust 23,59m tilbake til utgangspunktet.

Arealet er oppmålt til 694,1m² inklusiv ei justering på 4 m² frå 38/2. Det justerte arealet er mindre enn 1% av arealet til 38/19 og verdien av det justerte arealet er etter styrar si vurdering langt under grunnbeløpet i folketrygda.

Dei oppmålte grensene er matrikkelført og kommunen har skrive ut nye matrikkelbrev for 38/12 og 38/19. Sidan det er føreteke grensejustering, må partane godkjenna justeringa ved underskrift på protokollen.

Grensemerka er innmålt med Topcon Hiper GNSS og Leica 1205+ totalstasjon. Grensemålingane tilfredsstiller krava tilnøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

Partane godkjener med dette protokollen slik grensene er skildra, inklusiv grensejustering.

*Svein Røysgård
Bjørg Inger Røysgård*

Eigar av 38/2

Eigar av 38/3

Eigar av 38/12,19

Sted	Dato	Underskrift
Frekhaug	05.06.2014	<i>T. Sæle</i>